

# Emilie (8) fekk ein tur i «Brit-Besto»

Det var god stemning under vervadagen i Sagvåg laurdag.

– Eg synest det er kjekt å få vera med i båten. Men det gøyaste er at eg får vera saman med kompisoen min, seier Emilie Årre Stensvold (8).

Ho var ei av mange som fann vegen til Jensaneset på den tradisjonsrike vervadagen laurdag foremiddag.

Då Sunnhordland snakka med henne, var ho med kompisene, Karl Andreas Gravdal (8), og Elias Gravdal (11) på tur med den heimelaga båten «Brit-Besto».

#### Blikk framover

På land stod bestefaren til Karl Andreas og Elias, Karl Otto Gravdal, og følgde med. Det er han som har laga båten, som under vervadagen blei brukt til å tilby små køyreturar rundt om i nærområdet.

– Det er veldig kjekt. Me må heile tida ha eit blikk framover. Det er viktig, seier Karl Andreas.

Mellom matbuer, trekspelmusikk og fleire utstillarar på land, møter me også Ronny Skulbru og Camilla Losnegård Larsen, som har tatt med sonen Ludvik på eitt og eit halvt år.

#### Kaker og båtar

– Høgdepunktet er nok kakene. Men han er interessert i motorane òg, seier pappa Ronny.

Mamma Camilla har vaks opp i Sagvåg, og synest det er fint å kunna ta laurdags foremiddagen i det maritime miljøet på Jensaneset.

– Det er kjekt å sjå på båtane. Eg var jo sjølv her med skulen, og litt forskjellig, då eg vaks opp, seier Losnegård Larsen.

Dette er den 23. gongen vervadagen blir arrangert på Jensaneset.



**HEIMELAGA:** Emilie Årre Stensvold fekk sitja på med Karl Andreas (i midten) og Elias Gravdal, i den heimelaga båten «Brit-Besto».

ALLE FOTO: ANDERS TOTLAND



**KAKER OG BÅTAR:** Ronny Skulbru og Camilla Losnegård Larsen med sonen Ludvik.



**STEMNING:** Det var godt med folk i det maritime miljøet på Jensaneset laurdag.

▶ Anders Totland

anders@sunnhordland.no